

Kultur- og kyrkjedepartementet

Postboks 8030 Dep,
0030 Oslo

Vår ref.: 15E

Oslo, 30. september 2009

HØYRINGSNOTAT OM - RAPPORT MED EVALUERING AV BOKAVTALEN

Det Norske Samlaget viser til høyringsbrevet frå departementet frå 3. juli 2009.

Evalueringa av bokavtalen inneheld fleire punkt som laget kunne kome med merknader til, men vi har valt og konsentrere oss om det som blir skrive om nynorsk litteratur. Det vart understreka då den nye bokavtalen vart inngått at ein skulle følgje opp, og sjå spesielt på kva slags konsekvensar dette ville få for den nynorske litteraturen. Vi seier oss leie for og finn det kritikkverdige, at evalueringa ikkje har gått inn i dette i det dei viste til for spinkelt datagrunnlag, sjå nedanfor. Noko dei måtte ha visst på eit tidleg tidspunkt og då kunne gjort noko med dette. Vi kan derfor ikkje sjå at dei har grunnlag for å trekkje nokre konklusjonar, slik dei i hovudsak seier sjølv.

Vi meiner at evalueringsarbeidet ikkje er tilfredsstillande gjennomført på dette punktet og ber om at departementet held oppe målsettinga om å få større innsyn i desse spørsmåla og gi ei heilt klar føring for framtidige evalueringar om konsekvensane av omlegginga av bokavtalen skal kartleggjast.

I evalueringa del 3.3.2 står det:

Under analysekategorien "bredde" vil det også være naturlig å trekke inn fordelingen mellom utgivelser på nynorsk og bokmål. Her er imidlertid datagrunnlaget svært begrenset.

I del 5.4.1 står det:

Tilbudet av nynorsk litteratur er eksplisitt nevnt i de litteraturpolitiske målsetningene. Det er derfor naturlig at vi forsøker å si noe om utviklingen i denne delen av litteraturtilbudet i lys av Bokavtalen. Nynorsk litteratur har med bredden i tilbudet å gjøre, og hører således hjemme i dette avsnittet. Vi har imidlertid ikke datagrunnlag som kan innarbeide dette i en generell diversitetsindeks for litteraturtilbudet, eller som en egen indeks for bredden i nynorsk litteratur. Vi har derfor kun noen tentative betraktninger om dette temaet, basert på intervjuer med enkeltpersoner, svar fra respondentene i vår egen survey og dessuten noen få spørsmål i bokundersøkelsene til Forleggerforeningen og Bokhandlerforeningen.

Vidare står det i del 5.4.4 Kva har skjedd med nynorsklitteraturen?

Ein litteraturpolitisk målsetnad er å halda oppe ei litterær breidd på både målformer. Ettersom størstedelen av litteraturen er på bokmål, er det av størst interesse å sjå på nynorsken særskilt. Nynorskbøker har ikkje egne bokgruppekodar, og det er difor ikkje so lett å vurdera talet på titlar, eller salstala til desse. Me vil nytta ulike tilnærmingar for å sjå om me ser spor av endring.

.....

I del 5.5.2.4. Har Bokavtalen påvirket publikums vurdering av nynorsk litteratur? Er dette oppsummeringa:

... Heller ikke for problemstilling 4 finner vi særlig entydige resultater, jf tabell V2-19. Det synes å være en negativ trend i utviklingen i folks oppfatninger av nynorsk litteratur som blir motvirket av Bokavtalen. Tar en med de sosiodemografiske faktorene, virker det heller som virkningene av Bokavtalen er negativ. Lite entydige resultater forsterkes av at spørsmålsstillingen for siste årgang er en litt annen enn den er for de tre første.

Litteraturselskapet finn som sagt ovanfor verken evalueringsarbeidet eller oppsummeringa tilfredsstillande.

.

Med vennleg helsing

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Sigve Gramstad
Styreleiar

Audun Heskestad
Sekretær for Litteraturselskapet